

# Konfirmant i Os kyrkjelyd 2023

*Tru og glede i godt fellesskap*



DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd



# Ei tid for nye opplevelser!

## Tenke

Kva vil du stå for? Fins det ein Gud?

Kva vil du tru på? Kva vil du ikkje tru på? Kven vil du vera?

Alt dette vel du sjølv. Og det fins ingen fasit. Men for å kunne velge er det fint å få vite meir.

Som konfirmant i kyrkja får du lære meir om kva kristendommen er, kva det betyr å tru at alle mennesker er skapt av Gud og har uendeleg verdi.

Du er velkommen til å finne ut av dette – og vi håpar du har lyst å vera konfirmant hjå oss!

## Gøy

Å ha det gøy er ein viktig verdi i konfirmanttida.

Leiker, sketskjer, aktiviteter, konkurranser og samtaler er ein viktig del av det å bli kjent med kvarandre på. Dessuten er det ein god måte å utforske kyrkja og finne ut kva kristendommen går ut på. For kyrkja trur på ein Gud som skapte heile livet, ikkje berre den seriøse praten ☺

## Sammen

Konfirmanttida handlar om å bli kjent med andre, og seg sjølv.

Mange får nye venner, eller blir bedre kjent med sine gamle venner. Kyrkja er eit stort fellesskap der vi møter kvarandre med respekt for den vi er. Uansett kor like eller forskjellige vi er, så er alle like viktige for oss!

## TRU OG GLEDE I GODT FELLESSKAP



DEN NORSKE KIRKE

Os kyrkjelyd



# Konfirmantida – ein del av ungdomsarbeidet

Vi vil at du som konfirmant skal få utforske kyrkja og trua - gjennom våre aktiviteter og fellesskap.

## Konfirmantopplegget i Os kyrkjelyd er knytta til ungdomsarbeidet

I ungdomsarbeidet er vi mange ulike mennesker med ulike interesser, og det er du som konfirmant og. Derfor har vi ulike aktivitetsgruppe som du kan velge ut frå di interesse.

Kvar onsdag får du læra noko om den kristne trua, og alle aktivitetsgruppene får med seg eit «tankekors» til samlinga

## Onsdagar

Alle konfirmantgruppene har sine samlingar på onsdagar, i partallsveker. Vi deler konfirmantane inn i to bolker og dei møter til ein av dei to partals-onsdagane i månaden.

## Program/tidsplan – konfeonsdag:

- 15.30 – 16.30 Mat v/påmelding /**FRIVILLIG**
- 16.30 – 18.00 Lekser /henge/sosialt /**FRIVILLIG**
- **18.00 -18.15 Felles samling - info/ OBLIGATORISK**
- **18.15 – 19.45 – Grupper/OBLIGATORISK**
- **19.45 – 20.30 Undervisning/avslutning i kyrkja/OBLIGATORISK**
- 20.30 – 21.30 Sosialt og mat fra matgruppa/**FRIVILLIG**

Vidare no kan du lese om innhaldet i desse gruppene og kva du kan få oppleve.



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd




# JoinUs KOR

Join Us er ein del av ungdomsarbeidet i Os kyrkjelyd, og består av kor, dans, band og teknikk.

I **JoinUs KOR** liker vi å synge saman utan at det skal vera prestasjon. Vi liker å øve inn gode sanger, og gjerne framføre dei saman med bandet. Dei som vil kan prøve seg på solo og synge i mikrofon.

Gjennom koraktiviteten får du mulighet til å utfolde deg kreativt og delta i prosessarbeid med å velge sanger og framføring.

JoinUs KOR er ein stad der alle blir inkludert og får sjansen til å utfordre seg sjølv på ulike aktiviteter ut fra eigne ambisjoner.





# Join Us DANS



Er du glad i å danse –  
gjerne hiphop/pop -dans?

Då er dette gruppa for deg.  
Her lærer vi litt om ulike  
«dansemoves» og øver inn  
koreografi til kule dansar,  
slepper oss laus på  
dansegolvet og rocker  
scenen.

Dans er livet!

Bli med du og, vel!?

# Join Us BAND

Kan du spele eit instrument,  
og kan tenke deg å bruke det  
saman med andre i eit band?  
Då har du mulighet til det  
her.

Vår musikkansvarlege i  
kyrkjelyden skal leie gruppa,  
og gjerne øve saman med  
koret.

Vi har desse instrumenta  
tilgjengelege: piano,  
trommer, ukulele, bass og  
gitar. Men du må gjerne ta  
med eige instrument.





# KRIK

Denne konfirmantgruppa er for deg som likar å være i bevegelse. Du trenger ikkje vera flink i sport, men ha lyst å vera med på dei kjekke, og morsomme aktivitetene vi driv med i KRIK ungdomsgruppa.

KRIK er ein kristen organisjon for idrett og aktivitet og har ein visjon om idrettsglede, trusglede og livsglede.

Ungdomsarbeidet i Os kyrkjelyd har ei KRIK gruppe for ungdom, styrt og drevet av og for ungdom.

Dette er tening med lav terskel, med fokus på bredde, glede og fellesskap  
Kult hvis du vil bli med!



# Happening



Ungdomsarbeidet vårt – UNGDOMSTUNET – lagar til arrangement annankvar fredag i Tunet.

I denne gruppa får du vera med å planlegge innhold og kjekke aktiviteter/stunts til «happenings» på nokre av desse planlagte fredagane ut over året.

Kanskje lagar vi sumobryting-kveld, mexikansk aften, spillkveld, fifakveld, galla osv.....

Dette er fine anledninger til å bli kjent med og treffe andre ungdommer. Vi har et stort ungdomsarbeid som er glad i å treffes på disse fredagene.

Bli med å tenke ut og planlegge kjekke samlinger for ungdommer i Tunet, då vel?!



DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd



# Form og mat



Dette er gruppa for deg som er glad i å lage mat, og likar å lage ting, vera kreativ og prøve nye formingsteknikker.

I denne gruppa lagar vi god mat og et saman og prøver oss på kreative prosjekt.

Her tar vi det med ro og kosar oss i eit herleg kreativt fellesskap.

# Saman FORandre

**BLI MED OG GJER EIN FORSKJELL!**

SamanForandre – konfirmantane er med på å skape kjekke, gode og inkluderande arrangement for andre.

Fokuset gjennom året er FN sine bærekraftsmål; fred og rettferdighet, reint vatn, god helse og mykje meir.

Vi knytter og arbeidet opp mot Språkkafeen, Venneveko og Fasteaksjonen. Saman kan vi bety ein forskjell!





# Nettkonfirmant

Dette er tilbodet for deg som har lyst å konfirmere deg, MEN som har eit spesielt travelt fritidsporgram (kanskje fordi du er knytta til eit høgare nivå ifht trening osv).

Istaden for alle dei obligatoriske samlingane om onsdagane, kan du berre delta på dei store felles arrangementa som «Kickoff/oppstart», Lysmesse, Fasteaksjon, leir og avslutning, og ha resten av undervisninga nettbasert/digitalt gjennom 6 leksjonar i eit opplegg som heiter «Nettkonfirmant» laga av sjømannkyrkja.

Nettopplegget er basert på leksjoner om kristen tru og om det å vera menneske. Det er filmer og oppgaver knyttet til de 6 ulike leksjonene, og alt ligg på nett. Kvar leksjon må sendast inn til godkjenning av oss.



# Friluftsliv



## Vil du vere meir ute?

Friluftskonfirmantane vil vere ute og ha aktivitet. Vi skal tenne bål, gå turar i området, kjenne på vær og vind, teste fiskestanga, pakke sekken og mykje, mykje meir.

Planlegg du å bruke konfirmasjonspengane på friluftsutstyr som sekkk, fiskestang, ny sovepose, eit digg liggeunderlag? Då vil dette vere gruppa for deg.

Håpar vi sjåast!



DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd



# Konfirmantleir!

I år skal alle konfirmantene få dra på leir  
– og det gleder vi oss syyyykt til!!

Vi har satt opp to ulike leirer dette året.  
Konfirmanten skal få delta på ein av desse.  
Vi kjem tilbake med meir detaljert  
informasjon om leirane, påmelding, innhald  
og pris, til hausten.

Sett av desse datoane:

- 10.- 12.februar
- 26.Febr – 1.mars





# Nokre datoer 2022-23

Vi ønsker å samle alle aktivitetene på onsdagar; konfirmantaktivitet, felles arrangement og foreldremøter og anna.

Nokre større arrangement blir lagt til helger – blant anna Kickoff/oppstart, leir og Fasteaksjon

Her er ei oversikt over nokre allereie planlagde datoar. Klokkeslett kjem vi tilbake til.

Dato og tid	Kva	Stad
Onsdag 24.aug	Foreldremøte for påmeldte	Storsalen/Os kyrkje
Fredag 26.aug Lørdag 27.aug Søndag 28.aug	Happening Ungdomstunet Oppstart for konfirmanter Gudsteneste m/presentasjon av konfirmanter	Tunet Os kyrkje
Onsdag 30.nov	Lysmesse for konfirmanter og føresette	Os kyrkje
Onsdag 18.januar	Foreldremøte	Storsalen/ Os kyrkje
Dato og tid	Kva	Stad
Fredag 10.febr Lørdag 11.febr Søndag 12.febr	Konfirmantleir med halve kullet	Raknestunet
Søn 26.febr - Onsd 1.mars	Konfirmantleir med halve kullet - KonFACTION	Framnes Nordheimsund ?
Lørdag 25.mars Sønd 26.mars	Fasteaksjonen Aksjonshelg	Tunet Os kyrkje
Onsdag 19.april	Avslutningsfest	





# Det kostar litt....

## Konfirmantavgift

Det kostar 1400,- for å vera konfirmant i Os kyrkjelyd i år. Du kan velje å betale heile denne summen ved påmelding. Eller du kan få den delt opp i fleire faktura.

Summen bidreg til utgifter til undervisningsmateriell, bibel, konfirmantkappe, store deler av leirutgifter, mat og ulike arrangement..

I år skal alle konfirmantene få reise på leir. Det blir veldig kjekt! Den totale summen for leiren er ikkje heilt avklart, det kjem an på innhaldet og kva type leir du skal delta på. Men litt ekstra betaling ifht til leiren må ein rekne med.

## Konfirmanttida er for alle

Økonomi skal ikkje vera eit hinder for å vera konfirmant.. Vi vil hjelpe til med å tenke løysingar.

Ved behov for ei anna ordning/avtale er de velkomne til å ta kontakt med kyrkjekontoret.

Ta kontakt med oss ved behov for ei anna ordning!



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd



# Konfirmasjonar 2023

Ved påmelding vel du dag og tid  
for konfirmasjonsgudsteneste 2023

06.05.2023 Nore Neset  
kyrkje

- kl 10.30
- kl 12.00
- kl 13.30

07.05.2023 Os kyrkje

- kl 10.30
- kl 12.00
- kl 13.30

13.05.2023 Os kyrkje

- kl 10.30
- kl 12.00
- kl 13.30

14.05.2023 Nore Neset  
kyrkje

- kl 10.30
- kl 12.00
- kl 13.30





# Samarbeid med heimen

## Trygg konfirmanttid

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja, uansett funksjonsevne. Vi bed dykk om å melde frå om særskilde behov (t.d. lesevanskar, allergiar, funksjonshemming og anna) Er det behov for individuell tilrettelegging, ta kontakt i god tid, så vil vi legge til rette for gode opplevelser i samarbeid med dykk.

## Velkommen til samarbeid

Du som forelder/ føresatt er ein viktig medspelarar i konfirmanttida. Vis interesse for konfirmanttida, delta gjerne som medhjelpar og spør dei kva dei lærer.

## Samarbeid om:

I påmeldinga kan de melde frå om kva de kan hjelpe til med i konfirmanttida. For eksempel:

- ❖ Hjelpe til med måltid/fritid før samling om onsdagene - kl 15 – 17.
- ❖ Vaksenstøtte på onsdagar, kl 18 – 20.30.
- ❖ Vaksenstøtte ved leir





# Påmelding

## Påmelding ved foresatte – VIKTIG!

Påmeldinga til konfirmantåret skjer via internett, av ein føresatt. Fyll inn all informasjon vi ber om og klikk på «send» for å fullføre påmeldinga.

- Du får ei stadfesting om at påmelding er motteke på e-post.
- Kontakt oss om du ikkje har motteke bekreftinga, tlf. 56 57 24 00.

## Påmeldingsfrist: innan 30.juni

### VIKTIG! Ved påmelding må du ha klar:

Ved påmelding må de – saman med konfirmanten – krysse av og legge inn blant anna dette:

- Kva aktivitetsgruppe konfirmanten ønsker å delta i
- Konfirmasjonsdag og klokkeslett
- Konfirmanten sitt tlfnr og epostadresse
- Føresette sitt tlf.nummer og epost
- Konfirmanten sitt personnummer
- Dåpsdato og kyrkje for konfirmanten
- Bilde av konfirmanten (jpg og mindre enn 1GB)

Samtykkeskjema. Vedlagt i konvolutten ligg samtykkeskjema til publisering av foto og video. Fyll ut, skanne og send på epost (gs234@kyrkja.no), eller kom innom og levere det på kyrkjekontoret.



DEN NORSKE KIRKE

Os kyrkjelyd



# Ungdomstunet

**Ungdomstunet** er ungdomsarbeidet til Os kyrkjelelyd! Følg ungdomsarbeidet på våre sosiale medier og bli med på aktivitetene du og!

 @ungdomstunet

 @ungdomstunet

Nettside: [www.ungdomstunet.net](http://www.ungdomstunet.net)



DEN NORSKE KIRKE  
Os kyrkjelyd



# Lurer du på noko?

Ta gjerne kontakt med oss på kyrkjekontoret dersom du lurer på noko.

Ring 56 57 24 00 eller send ein e-post til:  
[post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no) / gs234@kyrkja.no

Du er óg velkomen innom kontoret for ein prat på Kyrkjekontoret, Øyro 49.

## Sosiale medier

Følg oss gjerne på sosiale medier for meir informasjon knytt til konfirmanttida hjå oss:



@konfirmantioskyrkjelyd



@Konfirmant i Os kyrkjelyd

Nettside: [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)



DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd